

# BEREKRAFTSRAPPORT 2022





# INNHALD

## 1 Forord

- Me produserer rein energi

## 2 Våre viktigaste bidrag til FNs berekraftsmål

2.1 SKL sine berekraftsmål

2.2 Rein energi til alle

2.3 Livet på land

2.4 Stoppa klimaendringane

2.5 Ansvarleg forbruk og produksjon

## 3 Rein energi til alle

- fornybar kraftproduksjon

3.1 Eksisterande kraftverk

3.2 Pågåande prosjekt i 2022

## 4 Livet på land

- omsyn til økosystem og naturmangfald

4.1 Prinsippa våre, oppfølging og overvaking

4.2 Gjennomførte miljøtiltak

4.3 Vassplanarbeid

4.4 Forsking og utvikling (FoU)

4.5 Forbetringar og uynskte hendingar

## 5 Stoppa klimaendringane

- og ansvarleg forbruk og produksjon

5.1 Klimarekneskap

5.2 Gjennomførte berekraftstiltak

## 6 Ansvarleg arbeidsliv

6.1 Våre fokusområde

6.2 Tryggleik for omgjevnadene

## 7 Verdiskaping

- økonomisk samfunnsbidrag

7.1 Verdioverføring til kommunar  
- skattar og avgifter

7.2 Verdioverføring til kommunar  
- konsesjonskraft

7.3 Utbyte til eigarar

7.4 Kompensasjon og vederlag til private

7.5 Investeringar





# 1. ME PRODUSERER REIN ENERGI





# ME GJEKK INN I 2022 MED HÅP OM EIN NY VÅR ...

... der me la den krevjande pandemitida bak oss og at me kunne sjå framover mot betre tider. Men med våren kom Russlands angrep på Ukraina, ein brutal krig som øydelegg liv og samfunn. I dag ser me at Russland starta energikrigen allereie i 2021, ein energikrig som gir store konsekvensar i heile Europa, også i Noreg. Me har fått energiprisar me aldri har sett før og som skapar problem for mange, både privatpersonar og bedrifter.

For å sikra nok kraft i denne situasjonen går den fossile kraftproduksjonen for fullt. På kort sikt er det uheldig for klimaet, samstundes ser me at dagens krise akselererer takta i det grønne skiftet. Europa kjem dermed raskare til eit kraftsystem med lågare utslepp, som ikkje er like avhengig av råvareimport.

Samfunnet må dekkja dagens behov for energi utan å øydeleggja for kommande generasjonar. SKL sitt viktigaste bidrag er å henta ut energi frå naturen med lågast mogleg fotavtrykk. SKL ynskjer å veksa innan fornybar energi. I løpet av 2022 har me sett i drift tre kraftanlegg: Håfoss kraftverk i Etne, Risvollelva kraftverk i Sauda og Jarlshaug kraftverk i Samnanger. Samla gir desse kraftverka oss 60 nye GWh per år.

Me byggjer og på to kraftverk, som me forventar skal verta ferdigstilt i 2023. Det er Løkjelsvatn kraftverk og Einungstølsåna kraftverk i kommunane Etne og Ullensvang. I tillegg arbeider me med fleire prosjektmoglegheiter og me kjem til å få travle år framover.

I ekstraordinære periodar der kraftprisane er høgare enn nokon kunne forventa, har me forståing for at vår bransje må bidra til fellesskapet. Men me treng rammevilkår som støttar opp om bygging av ny kraft, samt oppgradering og utviding av gamle anlegg. Året 2022 har ikkje vore spesielt godt for tilliten mellom kraftbransjen og myndighetene fordi skattane vart auka utan grundig utgreiing.

Det har vorte tydeleg at kraftbransjen har ei utfordring i å kommunisera rolla me har i det grønne skiftet. SKL er klar til å bidra for å utvikla meir fornybar energi og vil delta aktivt i dialogen med samfunnet rundt oss kring oppgåva.

Dei tilsette er SKL sin viktigaste ressurs. Difor er høgste prioritet å gjera det me kan for å unngå ulukker og







personskadar. Me er òg opptatt av å leggja til rette for at alle tilsette skal utvikla seg og sin kompetanse. Det gjeld og innan berekraft, og meir målretta arbeid med berekraftsmåla er tatt godt i mot av dei tilsette.

Gode parameterar for å måla kor berekraftig aktivitetane våre er, og openheit om desse, er avgjerande både for å verta betre og for å samanlikna ulike selskap og drift. EU sin taksonomi for berekraftig finans er eit døme på standardisering av krav og definisjonar for berekraft for ulike typar tiltak, slik at ein mogleg kan samanlikna berekraftige resultat.

SKL ser fram til at taksonomien og anna standardisering kjem og gjer det mogleg, både for oss og samfunnet rundt, å vurdere arbeidet vårt. Me har i fleire år jobba strukturert med berekraft. Meir systematisk arbeid med berekraftsmål og rapportering er forankra i styret. I år har me mellom anna hatt fokus på korleis me skal jobba med berekraft i dei større prosjekta våre. Me har og sett på med korleis me saman med leverandørane kan gjera meir for å velja framtidretta løysingar.

Som i tidlegare år har me også for 2022 laga klimarekneskap og rapportert våre eigne utslepp. I tillegg har me etablert mål og tiltak for å gjera oss sjølve betre.

Dette skal me gjera litt betre år for år. Måla om å produsera rein, fornybar energi med lågt utslepp og avgrensa naturinngrep kan rett nok ikkje venta.

God lesnad.

John Martin Mjånes,  
Adm.dir. i SKL





## 2. VÅRE VIKTIGASTE BIDRAG TIL FNs BEREKRAFTSMÅL

Dei vitenskaplege bevisa som FNs klimapanel legg fram i sin rapportering er utvitydige. Klimakrisa er vår tids største utfordring: Klimaendringane er ein trussel for vår velstand og planeten si helse. Klimakrisa fører og med seg eit vanskeleg dilemma: Skal me ha nok fornybar energi fører det med seg naturinngrep, som igjen påverkar naturmangfaldet. Dette omtalar me grundigare i kapittel 4.

SKL tar eit større steg mot ei berekraftig framtid, som er fornybar. Det gjer me gjennom å tilby meir rein energi, på ein måte som så godt som mogleg tar omsyn til naturen og naturmangfaldet. Vidare skal me redusera eigne utslepp og jobba målretta saman med våre samarbeidspartnarar for å redusera klima- og miljøavtrykk. Me skal ha omsut for livet på jorda, økosystem og naturmangfald i planlegging, anleggsfase og drift av anlegga våre.



Staffivatn, Blådalsvassdraget





## SKL SINE BEREKRAFTSMÅL

SKL vil bidra til ei berekraftig verd.

FN sine 17 berekraftsmål, som tredde i kraft i 2016, er verda sin felles strategi for å utrydda fattigdom, kjempa mot ulikskap, stoppa reduksjonen av biologisk mangfald, restaurera påverka natur, og stoppa klimaendringane, innan 2030.

SKL sitt hovudbidrag er knytt opp mot fire av måla:



## REIN ENERGI TIL ALLE

*Sikra tilgang til påliteleg, berekraftig og moderne energi til overkommeleg pris.*

**Me utviklar og driftar vasskraftverk og produserer miljøvenleg energi utan utslepp.**

- Auka produksjon til 4 TWh, innan 2028

**Me deltar i utvikling og drift av andre fornybare energikjelder og -berarar.**

Innan 2030 skal me delta i/utvikla:

- Havvind, 400 GWh
- Vindkraftprosjekt på land, i kommunar som er positive til det
- Eigarandel i ein hydrogenprodusent
- Eigarandel i anna (solpark med meir)



Sjå kva tiltak me har gjennomført i 2022 i kapittel 5.2 →





## LIVET PÅ LAND

Beskytta, retta opp og fremja berekraftig bruk av økosystem, sikra berekraftig skogforvaltning, kjempa mot ørkenspreiing, stansa og reversera landøydeleggingar, og stansa tap av artsmangfald.

**Me tar omsyn til økosystem og naturmangfald i planlegging, anleggsfase og drift av anlegga våre, me skal:**

- Minimera bruk av areal
- Vurdera kompensasjon av brukt areal
- Tippmassar skal i størst mogleg grad verta brukt igjen
- Ivareta tovegs fiskevandring, der det er aktuelt

**Me støttar arbeidet med vassforvaltingsplanar som balanserer vasskraft og vasskraftmiljø:**

- Økologisk tilstand i utbygde vassdrag skal ikkje svekkjast
- SKL investerer årleg 300 000 kr. til utvikling og forbetring som tar omsyn til økosystem og naturmangfald



Sjå kva tiltak me har gjennomført i 2022 i kapittel 5.2 →





## STOPPA KLIMAENDRINGANE

Handla med ein gong for å kjempa mot klimaendringane og konsekvensane av dei.

### Me skal redusera utslepp i all vår aktivitet - innan 2030 skal me:

- Scope 1, transport: 55% reduksjon
- Scope 2, energi: 55% reduksjon
- Kjøpa klimakvoter og opphavsgarantiar for gjenverande

### Me set miljøkrav til våre leverandørar

I alle nye prosjekt skal me vurdere berekraftige løysingar for:

- Optimalisera betongbruk
- Innkjøp av materiell
- Transport
- Avfallshandtering
- Føra klimarekneskap

### Me bidrar til å redusera skadeomfang ved flaum

- SKL sett beredskap, overvakar vassdraga, informerer kommunar med fleire og iverksett flaumførebyggjande tiltak.



Sjå kva tiltak me har gjennomført i 2022 i kapittel 5.2 →





## ANSVARLEG FORBRUK OG PRODUKSJON

*Sikra berekraftige forbruks- og produksjonsmønster.*

### Me arbeider med framtidsretta og berekraftige energiløysingar:

- Årleg utarbeida berekraftsrapport
- Sortera avfall og utarbeida avfallsrekneskap i drift og prosjekt
- Årleg informera om rein energi, til skuleelevar i Stord, Kvinnherad og Etne kommune
- Kvart fjerde år vurderer produktspekter med omsyn til gode alternativ, til dømes miljølje og maling



Sjå kva tiltak me har gjennomført i 2022 i kapittel 5.2 →





7 REIN ENERGI  
TIL ALLE



### 3. REIN ENERGI TIL ALLE - FORNYBAR KRAFTPRODUKSJON

SKL produserer rein, fornybar vasskraft, som er ein del av klimaløysinga. I SKL arbeider me kontinuerleg med å auka kraftproduksjonen, og dermed også med å redusera utsleppa av klimagassar i Noreg og Nord-Europa. Me legg vekt både på å auka energimengde (GWh) og storleiken på maskinparken (MW/effekt).

Dette legg føringar for korleis me tenkjer kring kraftutbygging og oppgradering av eksisterande anlegg.



Ny stator vert transportert inn i Løkjelsvatn kraftverk februar 2022. Her skal me produsera 163 GWh./år



1. Forord

2. Berekraftsmål

3. Rein energi til alle

4. Livet på land

5. Stoppa klimaendringane

6. Ansvarleg arbeidsliv

7. Verdiskaping



## EKSISTERANDE KRAFTVERK


Det er viktig at kraftanlegga våre er i god stand og klare til å produsere når forbrukarane treng straum.

I dei 38 kraftverka me har driftsansvar for hadde me høg oppetid i året som gjekk. Det vil seia 99,9 % for dei største kraftverka, og 98,73 % for dei mindre kraftverka.

Vassdrag	TWh/år	Antall kraftverk
Blådalsvassdraget	1,5	6
Litledalsvassdraget	0,2	3
Eikelandssosen, Rødne m.fl	0,2	6
Småkraftverk	0,2 *	23
Sima og Ulla førre	0,4 *	-
Sauda	0,3 *	-
<b>SUM</b>	<b>2,8</b>	<b>38</b>






\* Viser til SKL sin andel av produksjonen


### Produksjonsauke siste 20 år - TWh





## PROSJEKT UNDER BYGGING I 2022

-  Løkjelsvatn kraftverk i Etne 163 GWh/år
-  Håfoss kraftverk i Etne 33 GWh/år
-  Risvollelva kraftverk i Sauda 20 GWh/år
-  Einungsstølsåna kraftverk i Røldal 10 GWh/år
-  Jarlshaug kraftverk i Samnanger 7 GWh/år





## PROSJEKT UNDER BYGGING I 2022

### FERDIGSTILTE PROSJEKT



#### Jarlshaug kraftverk i Samnanger

Jarlshaug kraftverk i Samnanger vart ferdigstilt i 2022. Kraftverket er eigd saman med grunneigarar og SKL sin eigardel er 97,8%.

Kraftverket har ein installert effekt på 0,99 MW, og forventa produksjon er 7 GWh per år.

7 GWh per år



#### Håfoss kraftverk i Etne

Håfoss kraftverk i Etne vart ferdigstilt i 2022. Kraftverket er heleigd av SKL, har ein installert effekt på 9,5 MW, og forventa produksjon er 33 GWh per år.

33 GWh per år



#### Risvollelva kraftverk i Sauda

Risvollelva kraftverk i Sauda vart ferdigstilt i 2022. Kraftverket er eigd saman med grunneigarar, og SKL sin eigardel er 65 %.

Kraftverket har ein installert effekt på 6,4 MW, og forventa produksjon er 20 GWh per år.

20 GWh per år





## PROSJEKT UNDER BYGGING I 2022 FERDIGSTILLING I 2023



### Einungsstølsåna kraftverk i Røldal

SKL bygger Einungsstølsåna kraftverk i Røldal. Kraftverket har ein installert effekt på 2,8 MW, og vil gi ein årleg produksjon på 10 GWh per år.

Kraftverket er forventa å verta sett i drift i 2023.


10 GWh per år



### Løkjelsvatn kraftverk i Etne

Løkjelsvatn kraftverk er ei oppgradering og utviding. Eksisterande anlegg i Etne er svært gamle, bygd i perioden 1920-1960. Løkjelsvatnet kan regulerast mykje, men det har me ikkje kunna nytta sidan anlegget er bygd i ei tid der effekt ikkje var like sentralt. SKL bygger difor Løkjelsvatn kraftverk, noko som aukar effekten frå 32 MW til 60 MW. Forventa produksjonsauke er 20 GWh per år og totalt skal det nye kraftverket produsera 163 GWh per år. Kraftverket er forventa å verta sett i drift i 2023.

163 GWh per år



Håfoss kraftverk





## ANDRE VASSKRAFTPROSJEKT

### Prosjekt med konsesjon

SKL har fire prosjekt der me har fått konsesjon til å byggja, men der dei fysiske arbeida ikkje er starta.

Onarheim kraftverk på Husnes i Kvinnherad kommune er eit småkraftverk som skal byggjast ut i samarbeid med grunneigarane og kommunen. Målsettinga er å starte bygginga av kraftverket i 2023.

Hardeland og Litledalen kraftverk i Etne kommune er to oppgraderingsprosjekt i samband med utbygginga av Løkjelsvatn kraftverk. Hardeland og Litledalen kraftverk er gamle kraftverk der både bygningsmasse og dei tekniske installasjonane har svært store rehabiliteringsbehov. Både Hardeland og Litledalen kraftverk skal erstattast med nye og moderne kraftverk som utnyttar same fallstrekning. Anleggsstart er venta å bli i 2024.

SKL har konsesjon på å overføra meir vatn til Blåfalli III kraftverk i Kvinnherad kommune. Prosjektet består av to bekkeinntak som hentar vatn inn på eksisterande vasstunnel mellom Blådalsvatn og kraftstasjonen. Blåfalli III kraftverk må stansast i ein periode for å gjennomføra prosjektet, sidan vasstunnelen til kraftverket må tømmast. Anleggstart må difor tilpassast dette.

### Andre prosjekt

Blåfalli Fjellhaugen er eit stort effektprosjekt i Blådalsvassdraget i Kvinnherad kommune der konsesjonssøknad vart sendt i 2014, men SKL trakk prosjektet i 2016, før konsesjonsvedtak, grunna manglande lønnsemd i prosjektet. Arbeidet vart starta opp igjen etter endringane i grunnrenteskatten i statsbudsjettet i 2021. Målet var å sende oppdatert søknad haust/vinter 2022. Endringane i vasskraftskattane som blei presenterte i september 2022 gav imidlertid ein ny stans i prosjektet. Særleg det såkalla høgprisbidraget straffar produksjonsanlegg som kan produsera mykje kraft når behovet, og prisane, er høgast. Blåfalli Fjellhaugen er

eit slikt anlegg, som Noreg treng fleire av når me skal fasa inn meir uregulerbar produksjon. Dei siste politiske signala indikerer at høgprisbidraget skal fjernast når energisituasjonen normaliserer seg. Blåfalli Fjellhaugen er eit godt prosjekt både for selskapet og for kraftsystemet som me ynskjer å realisera, men me treng stabile rammevilkår som ikkje legg hindringar for at me kan utnytta ressursane godt.

SKL har i tillegg ein portefølje av prosjekt på ulike stadium, både aleine og i samarbeid med andre. Felles for dei er at me må jobbe langsiktig og grundig både med grunneigarar, nettsituasjon og miljøkonsekvensar for at dei skal gi ny fornybar kraft.

### Avslag

SKL fekk i 2022 avslag på søknad om å bygge Kvanndalselva kraftverk i Bjørnafjorden kommune. Basert på grunngjevinga til NVE har me gjort tilpassingar i prosjektet og søkt om at vedtaket gjerast om.





## ANDRE AKTIVITETAR

### Havvind

Saman med Haugaland Kraft, Knutsen OAS og gründerar, eig me 18,75% i Deep Wind Offshore. Selskapet arbeider med å realisera havvindprosjekt, nasjonalt og internasjonalt. Selskapet har lykkast godt i utlandet, og året 2023 vil visa om ein og vil vera ein av dei som får lov å byggja ut i dei utlyste områda i Sørlige Nordsjø II og Utsira Nord.

### Grønt hydrogen

Hydrogen Solutions (HYDS) er eit selskap som skal utvikla, eiga, byggja og drifta anlegg for lokal produksjon av grønt hydrogen. Grønt hydrogen har stort potensial til å redusera CO<sub>2</sub>e-utslepp i fleire sektorar. Selskapet fokuserer på å nytta all energi i produksjonen, både av oksygen og spillvarme der det er mogleg. HYDS legg også til rette for ny fornybar energi ved å ta innestengd kraft i bruk. Tidleg i 2023 skal dei starta å produsera ved sitt første anlegg på Stord, med ein kapasitet på 140 tonn grønt hydrogen i året. Fleire produksjonsanlegg står for tur. SKL eig 50 % av selskapet.





15 LIVET PÅ LAND



## 4. LIVET PÅ LAND - OMSYN TIL ØKOSYSTEM OG NATURMANGFALD

I SKL utviklar og driftar me vasskraftverk.  
Me produserer miljøvenleg energi - elektrisk straum.

Drifta av vasskraftverka påfører atmosfæren låge klimaavtrykk, men påverkar økosystemet i vassdraga, og landskapsbiletet lokalt gjennom fråføring av vatn og regulert vasstand. Størst utslepp av klimagassar er knytt til anleggsarbeid i samband med bygging av kraftverka. Sett i lys av eit livsløpsperspektiv vert samfunnsnytta, i form av tilført rein og fornybar energi (kWh) stor, samanlikna med klimaavtrykket frå ein mellombels og kortvarig anleggsfase. Mest synleg er naturinngrepa.



Blådalsvassdraget



1. Forord

2. Berekraftsmål

3. Rein energi til alle

4. Livet på land

5. Stoppa klimaendringane

6. Ansvarleg arbeidsliv

7. Verdiskaping



## PRINSIPPA VÅRE, OPPFØLGING OG OVERVAKING

All aktivitet påverkar omgjevnadane og miljøet kring oss – også vasskraftproduksjon. Utbygging av vasskraft medfører inngrep i naturen. Av den grunn har det vore, og vil det vera, diskusjonar og ulike meiningar knytt til utbygging.

Vassdragsregulering endrar dei fysiske tilhøva og livsgrunnlaget for fisk og andre vasslevande organismar. Samstundes kan reguleringa i nokre høve skapa miljø som er gunstigare for dyrelivet, ved å dempa dei negative og forsterka dei positive faktorane.

I SKL er me opptatte av at utbyggingsløyningar og miljøinngrep skal utøvast så skånsamt som råd. Me har tru på kunnskapsbasert forvaltning og jobbar med å etablere avbøtande løyningar.

Eit leiande mål for selskapet er at anlegga våre skal driftast utan miljøavvik. Det vil seia at gjeldande vilkår i form av minstevassføring, reguleringshøgder med meir, skal overhaldast til ei kvar tid. Kraftverka vert drifta og overvaka frå driftssentralen på Stord. Sentralen er døgnbemanna og syt for at vilkåra i konsesjonane vert følgde. Eventuelle avvik vert følgt opp.

Selskapet har eget internkontrollsystem for vassdrag.



Coanda-inntak Tverrelva kraftverk, relativt sjølvreinsande rist og eit avbøtande tiltak for å sikra nedvandring av fisk.









## GJENNOMFØRTE MILJØTILTAK

SKL gjennomfører miljøtiltak i samsvar med vilkår og krav i konsesjonane våre.

Særleg merksemd vart retta mot nokre av dei større utbyggingsprosjekta i 2022:

-  Etnevassdraget
-  Fjæraelva
-  Eikemooverføringa





## ETNEVASSDRAGET

I 2018 fekk SKL konsesjon for å oppgradera og utvida anlegga, og me starta bygginga av Løkjelsvatn kraftverk.

Etnevassdraget er eit verna vassdrag (1993), og eit nasjonalt laksevassdrag (2003). Her finn ein atlantisk laks, sjøaure, ål og ein liten restpopulasjon av elvemusling. Det kviler eit spesielt ansvar på oss kring utbyggingsprosjekt i denne typen vassdrag.

Kravet til minste vassføring er auka for å ivareta desse naturverdiane. Ny stasjon for måling av vassføring er etablert i 2022, ved utlaupet av Litledalsvatnet, ved Kaldheim. Stasjonen vert følgt opp med nye kontrollmålingar i 2023. Sørrelva er såleis eit døme der reguleringa og minstevassføringa sikrar elva kritisk vassføring tilsvarande tre gonger den alminnelege lågvassføringa, samanlikna med om elva hadde vore uregulert.

Lakseførande strekning ligg **nedstraums** kraftverka. Kraftproduksjonen tar altså ikkje vekk vatn frå den delen

av elva der det er laks. Difor er det enklare å få til eit betre samspel mellom laksen og kraftproduksjonen.

Kanalen frå kraftstasjonen inne i fjellet til utlaupet i Litledalsvatnet er vel tre kilometer lang. For å hindra gytefisk i å ta seg inn i denne, vert det etablert ein **fiskesperre** ved utlaupet med **lysopning** på tre centimeter.

I samband med dette arbeidet er det etablert ein **siltgardin** for å førebyggja utvasking av **finstoff** til vatnet.

Vatnet vert ført i vasstunell i fjell frå inntaket i Løkjelsvatnet til utlaupet i Litledalsvatnet.

Arbeidet inneber om lag seks kilometer med tunneldrift og har vore teknisk krevjande. Sjølve tunneldrifta vart avslutta hausten 2021 og reinseanlegga, for handtering av tunnelvatn, vart rigga ned i februar 2022.

Fleire tiltak er etablert for å førebyggja uynskt avrenning og utslepp. Avleiingsgrøfter er etablert **oppstraums**

### Ordliste

#### Fiskesperre

– fysisk sperre som hindrar fisk i å svømme oppover eller nedover i vassdraget

#### Lysopning

– fri spalteopning mellom gitterstavane i ein rist eller trådane i eit nett

#### Siltgardin

– finmaska duk/nett som skal hindra oppvirvlande partiklar frå å spreia seg utover i vatnet

#### Finstoff

– silt og leire som kjem i forbindelse med boring /oppmaling av fjell

#### Oppstraums/nedstraums

- elvestrekninga ovanfor (på oppsida)/ nedanfor (på nedsida)





## ETNEVASSDRAGET (FORTS.)

tippareala, og filtergrøft tilrettelagt nedstrøms. Ei 175 meter lang oljelense har vore permanent rigga gjennom heile 2022, strategisk plassert nedstrøms tipp og eksisterande utlaupskanal.

Før anleggsarbeidet tok til etablerte SKL ni individuelle stasjonar i vassdraget for prøvetaking av vasskvalitet. Slik sikra me oss eit godt referansemateriale. Prøvane vert analysert for eit breitt spekter av parameterar (pH, turbiditet, suspendert stoff, leiingsevne, tungmetall, olje og nitrat - Hardanger Miljøsentor AS). Dette arbeidet er sidan følgt opp årleg. Som ei ekstra forsikring vart det etablert ein multisensor (Eureka25), om lag 1,5 kilometer nedstrøms Litledalsvatnet, på lakseførande strekning (Cautus Geo AS). Multisensoren loggar temperatur, pH, turbiditet og leiingsevne i sanntid. Den er sett opp i ei web-løysing, og kopla til e-post alarm. Løysinga har vore i permanent drift sidan våren 2019. Tidsseriar med innsamla data av nemnde parameterar, har

ein augneblinksverdi, men vil også koma anna forvaltning og forskning til nytte.

Løkjelsvatn kraftverk og tilhøyrande tunnelar vert etablert i fjell og er lite synlege. Øvre del av tippa i Litledalen er tilbakeført som landbruksareal for grasproduksjon. Tippa ved Hardeland skal revegeterast naturleg. Deponiet er langt på veg forma og tilrettelagt i terrenget. For å sikra overflatejorda mot vind- og vannerosjon nyttar ein ei såfrøblending av karrige norske artar (raudsvingel, sauesvingel og engkvein). Arealinngrepa knytt til etablering av boresjakt ved inntaket, er tilbakeført, området er ferdig utforma og langt på veg revegetert.

Prosjektet er nær ferdigstilt, og ein planlegg for prøvedrift hausten 2023.



Riggområde boresjakt inntak Løkjelsvatn 2021



Riggområde boresjakt inntak Løkjelsvatn revegetert 2022







Fjæraelva Kvernhusfossen

## FJÆRAELVA

Sommaren 2020 starta bygginga av Håfoss kraftverk. Kraftverket ligg ved foten av Håfoss, i Fjæraelva i Etne kommune. Fjæraelva husar laks og sjøaure. Kraftverket ligg om lag 500 meter oppstraums lakseførande sone.

Kraftverket vart sett i ordinær drift sommaren 2022. Inntaks- og kraftstasjonsområdet er ferdig utbygd. Topparealet er heva og tilbakeført som landbruksareal for grasproduksjon. Avbøtande tiltak for fossefall (reirkasse i utlaupstunnelen) er vurdert i dialog med Statsforvaltaren

i Vestland, men sett på vent då ein observerte naturleg reirlokasjon i vassdraget.

Fjæraelva vart habitatkartlagt i august 2020, frå sjø til Håfoss, særleg med omsyn til gyte- og oppvekstområde for fisk (Rådgivende Biologer AS, Rapport mottatt juni 2021). Eit av formåla er å undersøkje om eksisterande vandringshinder kan forserast og lakseførande strekning utvidast.

Utgreiing av teknisk løysing for eventuell sikker fiskevandring (laks og sjøaure) opp og ned Kvernhusfossen står att.

Prosjektet er sluttrapportert til Statsforvaltaren i Vestland med omsyn til mellombels utsleppsløyve i byggjefasen.





## EIKEMOOVERFØRINGA

I 2013 vart sju bekkeinntak aust om Vetrhus, i Blådalsvassdraget i Kvinnherad kommune, overført til Nedre Vetrhusvatn. Fysiske arealinngrep knytt til utbygginga vert følgt opp med omsyn til naturleg revegetering.

Områda ligg høgt til fjells og er eksponert for vind- og vasserosjon. Jordsmonnet er skrint og inneheld mykje stein. Vekstsesongen er kort og revegeteringa går langsamt.

I juni 2022 vart tipp, riggområdet, inntak 1 og 2 tilført såfrø (raudsvingel, sauesvingel og engkvein) og noko mineralgjødsel, for å stimulera tilveksten.

Riggområde  
Vetrhus



Før - 2013



Etter - 2022





## VASSPLANARBEID

SKL bidrar til ei kunnskapsbasert forvaltning som balanserer vasskraft, miljø og naturinngrep.

Me følgjer arbeidet med vassplanane tett og deltar på relevante arenaer. Selskapet set av tid og ressursar til å følgje opp prioriterte vassførekomstar me forvaltar.

Arbeidet er dynamisk og vedvarande.

Me har ein målsetnad om å oppnå god økologisk tilstand og alternativt godt økologisk potensiale i vassførekomstane, avhengig av føresetnadar og omfang av eksisterande tekniske inngrep.



Blådalsvassdraget





## FORSKING OG UTVIKLING (FoU)

SKL er ein relativt liten organisasjon. Likevel deltar me i ulike FoU-aktivitetar og fagfora med miljørelevans. Dette er motiverande og naudsynt arbeid, både med omsyn til fagleg kunnskapsbygging, utvikling og introduksjon av tidsriktige miljøløysingar, med meir. SKL deltar i fagforum, møte og verkstadar i regi av Fornybar Norge. Dette er ei sentral plattform for positiv bransjeutveksling, der tidsaktuelle fagtema vert drøfta.

I 2022 var SKL representert i tre av fagutvala i forskingsprosjektet HydroCen.

Arbeidspakke 4: Miljødesign, handlar om å utgreia, utvikla og gjennomføra tiltak som betrar dei økologiske tilhøva i regulerte vassdrag, samstundes som ein tar omsyn til kraftproduksjonen.

SKL er representert i Rådgjevande utval for Folgefonna nasjonalparkstyre. Selskapet er og ein støttespelar til Norsk klimastiftelse.



Bláfalli Vik kraftverk





## FORBETRINGAR OG UYNSKTE HENDINGAR

SKL har eit stort spenn i tildelingsårstal på konsesjonar. Reguleringa av vassdraga er såleis etablert under ulike føresetnadar og miljøvilkår. Tiltak som etablering av tersklar, tilrettelegging av tippar og eksisterande vassføringar, er døme på det. Selskapet har difor fokus på korleis ein kan nytta ny kunnskap og nye metodar til å finna gode løysingar.

### Miljøtilsyn

NVE gjennomførte miljøtilsyn hos SKL i 2021. Fokuset vart retta på Etnevassdraget og tema Nasjonalt laksevassdrag. Selskapet fekk positiv tilbakemelding med omsyn til forvaltinga av vassdraget.



Risvollelva - Bildet er tatt 31.3.2022

To avvik vart påpeikt av NVE:

- *SKL mangler lesbare skilt med opplysningar om manøvreringsreglement og hvordan dette kan kontrolleres.*
- *SKL oppfyller ikke kravet om at alle vannføringsendringer skal skje gjennom myke overganger*

Begge avvika er følgt opp, løyst og lukka.

NVE gjennomførte ordinært miljøtilsyn av Løkjelsvatn kraftverk, oppfølging av prosjekt i anleggsfase, i september 2022. Det vart ikkje påpeika noko avvik.

### Avvik i bygg- og anleggsfase

Selskapet har opplevd nokre uynskte hendingar i 2022 knytt til anleggsaktivitet ved einskilde kraftverk.

### Løkjelsvatn kraftverk

Det vart registrert utslepp av 100-200 liter med oljehaldig vatn frå ein IBC-dunk då ein oljeutskillar vart tømt ved riggområdet i Litledalen. Væska rann ut i grunnen men massane vart straks grave opp og deponert i eigen container. Hendinga intraff 25.04.2022, og vart meld til Haugaland brann og redning lokalt (i tråd med *Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning*). Statsforvaltaren i Vestland vart orientert. Strakstiltaka som vart utført, hindra vidare forurensningsfare. Saka er ferdig behandla av Statsforvaltaren i Vestland.





## FORBETRINGAR OG UYNSKTE HENDINGAR (FORTS.)

### Risvollelva kraftverk

Det vart påvist utslepp av finstoff til vassdraget knytt til gjennomføringa av profilboringa. Hendinga vert følgt opp av NVE og Statsforvaltaren i Rogaland. SKL føretok synfaring og fotodokumenterte den råka elvestrekninga i mars 2022. Det vart teke vassprøver av elva på to ulike stader, like oppstrøms Fosstveitdammen og på lakseførande strekning. Det blei også tatt sedimentprøver av **borekaks**. Prøvane vart analyserte av Hardanger Miljøseniter AS.

Rådgivende Biologer AS vart kontakta for å gjennomføra fiskeundersøkingar av lakseførande strekning av Risvollelva i august 2022. Feltarbeidet omfatta elektrofiske, skjul- og holromskartlegging av 14 **transektar** samt prøvetaking av **elvesubstrat**. Dei akvatiske tilhøva i elva framstår



Risvollelva

tilfredsstillande i dag, men fjorårsyngelen (1+) mangla i fangstane. Dette vert gjenstand for vidare oppfølging.

### Avvik i driftsfase

Alle hendingar med risiko for brot på konsesjonsvilkår vert registrerte i SKL sitt kvalitetssystem. I 2022 vart fem hendingar meldt vidare til NVE.

### Hopselva kraftverk:

For låg vasstand i Sævildvatnet i fire dagar i samband med at kravet til lågaste regulerte vasstand (LRV) vart endra den 10. april frå kote 184,1 til 184,6. Lågaste vasstand i perioden var 184,4.

### Ordlister

#### Borekaks

- finstoffpartiklar som kjem ut når ein borer i fjell (heile massen, til forskjell frå finstoffet)

#### Transekt

- strekning tvers over elva (tverrprofil)

#### Elvesubstrat

- samansetning av elvebotn (eks. leire, sand, grus og stein)

### Akslandselva kraftverk:

Tre episodar i juli der minstevassføringa er målt til 24 l/s. Kravet i konsesjonen er 25 l/s. Samla varigheit på dei tre hendingane er fem timar.

### Tverrelva kraftverk

I ein periode på tre timar i november er det målt for låg minstevassføring. Kravet i konsesjonen er 35 l/s, medan lågaste målte verdi var 17 l/s. Kraftverket var ikkje i drift under hendinga, men grunna ein teknisk feil vart det likevel tatt ut vatn.

For hendingane i Hopselva og Akslandselva kraftverk har NVE konkludert med at det ikkje har vore konsekvens for ytre miljø, og har lukka sakene. NVE har førebels ikkje gitt tilbakemelding på den siste saka.





13 STOPPE  
KLIMAENDRINGANE



12 ANSVARLEG  
FORBRUK OG  
PRODUKSJON



## 5. STOPPA KLIMAENDRINGANE OG ANSVARLEG FORBRUK OG PRODUKSJON

Vasskraft fører til svært låge utslepp av klimagassar etter at kraftverket er bygd. Norsk institutt for bærekraftsforskning (Norsus) har berekna utslepp frå ei rekke norske vasskraftverk gjennom livsløpsanalysar. Livsløpsanalysar viser totale utslepp i livssyklusen til eit produkt. Berekingane viser at utsleppet frå eit typisk norsk vasskraftverk er 3,3 g CO<sub>2</sub>e per kWh. Dette gjer norsk vasskraft til ei av dei mest klimavennlege energikjeldene i verda.

Kjelde NORSUS:  
[AR-01.19-The-inventory-and-life-cycle-data-for-Norwegian-hydroelectricity-1.pdf](#) (norsus.no)



Urabotn

Klimarekneskapen byggjer på den internasjonale standarden for klimagassutslepp, GHG-Protokollen, og er delt inn i tre kategoriar for utslepp:

- Scope 1 er direkte utslepp frå drivstoff til bilar og maskinar, som er eigd eller kontrollert av SKL, samt utslepp frå produksjon av energi
- Scope 2 består av indirekte utslepp som følgje av energiforbruket vårt.
- Scope 3 består av andre indirekte utslepp som SKL sine aktivitetar bidrar til: kjøp frå underleverandørar, avfall, kjøpte transporttenester, tilsette sine reiser til og frå jobb, og forretningsreiser.






## KLIMAREKNESKAP

Tonn CO2-ekvivalentar	2022	2021	2020	Kommentar
Scope 1: Direkte utslepp frå drivstoff og maskinar	181*	178	164	Klimahub støttar ikkje registrering av prosessutslepp/elforbruk ved produksjon av vasskraft. Forbruket er stipulert til 5 GWh og er direkte uttak frå eigen produksjon
Scope 2: Indirekte utslepp frå energiforbruk	796	812	926	
Totale utslepp scope 1 og 2	977	990	1 090	
Kjøpte klimakvoter	181	178	164	
Kjøpte opphavsgarantiar	796	812	926	
Totale utslepp scope 1 og 2 etter kjøp av klimakvoter og opphavsgarantiar	0	0	0	
Scope 3: Andre indirekte utslepp: Kjøp frå underleverandørar, avfall, kjøpte transporttenester, tilsette sine reiser til og frå jobb og forretningsreiser	4 633*	3 752**	1 987	*Auke skuldast i hovudsak innkjøp og transport av elektromekanisk utstyr i prosjekt Løkjelsvatn ** Auke skuldast i hovudsak innkjøp av metall i prosjekta

SKL kjøper klimakvoter og opphavsgarantiar tilsvarande ikkje kompensert utslepp for scope 1 og 2.





## KLIMAREKNESKAP

SKL sin kraftproduksjon tilsvarer følgende årleg besparing, samanlikna med gassproduksjon:


År	TWh	Tonn CO2e
2022	2,76	1 343 292
2021	2,66	1 294 622
2020	2,97	1 445 499





## GJENNOMFØRTE BEREKRAFTSTILTAK

**7**  
 REIN ENERGI  
 TIL ALLE



Auka målsetnad for vekst til 4 TWh:

- Vasskraft
- Havvind
- Vind på land i kommunar som er positiv til utbygging
- Andre


**15**  
 LIVET PÅ  
 LAND



Me har ferdigstilt tre kraftverk i 2022: Håfoss (33 GWh), Risvollelva (20 GWh) og Jarlshaug (7GWh).


Følgje opp og realisera prosjektportefølje for utbygging av nye kraftverk.

**12**  
 ANSVARLEG  
 FORBRUK OG  
 PRODUKSJON



Deep wind offshore utviklar organisasjonen som førebur og posisjonerer seg for utvikling av havvind til havs; Utsira Nord og Sørlige Nordsjø II samt nokre internasjonale destinasjonar.

**13**  
 STOPPE  
 KLIMAENDRINGANE



DWO har gitt tilbakemelding på Olje og energiderpartementet sitt forslag til kvalitative kriterium og støtteordning.

**7**  
 REIN ENERGI  
 TIL ALLE



Utarbeidd mal for å vurdere klimatiltak i alle bygg- og anleggsprosjekt.

Gitt opplæring og tatt avgjerd om at det i alle SKL-prosjekt skal vurderast klimatiltak i samsvar med mal.

**15**  
 LIVET PÅ  
 LAND



Overvaking av Sørrelva med multisensor og vassprøver.

Øvre tipp i Litledalen er tilbakeført som landbruksareal for grasproduksjon. Arealinngrepa knytt til etablering av boresjakt ved inntak Løkjelsvatn er tilbakeført og revegetert.

**12**  
 ANSVARLEG  
 FORBRUK OG  
 PRODUKSJON



Stimulera revegeteringa, det vil seie gjødsle og så tippen, riggområdet og einskilde inntak ved Vetrhus.

**13**  
 STOPPE  
 KLIMAENDRINGANE



Avbøtande tiltak for å førebyggja utslepp og redusera konsekvensar av eventuelle utslepp.





## GJENNOMFØRTE BEREKRAFTSTILTAK

**7** REIN ENERGI  
TIL ALLE



Utarbeidd Berekraftsrapport for 2022.

Forbetra mal for utarbeiding av klimarekneskap.

Forbetra sortering av avfall ved SKL adm. bygg

- sorteringsgrad 2022 46%

**15** LIVET PÅ  
LAND



Auka intern kompetanse på berekraft

- Foredrag med klimastiftelsen
- Avdelingsvis gjennomgang/intern informasjon om SKL sine berekraftsmål og -arbeid


**12** ANSVARLEG  
FORBRUK OG  
PRODUKSJON



**13** STOPPE  
KLIMAENDRINGANE




**7** REIN ENERGI  
TIL ALLE



Revidert SKL sine berekraftsmål, utarbeidd spesifikke og målbare mål, sjå kap. 2.

Scope 2: Montert varmepumpe administrasjonsbygg Matre.


**15** LIVET PÅ  
LAND



Scope 2: Reparert varmegjenvinningsanlegg/ventilasjon adm.bygg Matre.

Scope 2: Starta prosess energimerking, inkludert forslag til straumsparende tiltak, ved adm. bygg Stord.


**12** ANSVARLEG  
FORBRUK OG  
PRODUKSJON



Scope 3: Utarbeidd mal for vurdering av klimatiltak som skal nyttast i alle prosjekt.

Etablert fullverdig infrastruktur for lading av bilar på Stord.

**13** STOPPE  
KLIMAENDRINGANE



Eablering av fullverdig infrastruktur for lading av bilar i Matre og Etne pågår.

Kompensert utslepp knytt til scope 1 og 2, kjøpt klimakvoter og opphavsgarantiar.






## 6. ANSVARLEG ARBEIDSLIV

Vårt mål er null skadar. SKL har klare og tydelege forventningar til at alle registrerer forbetringar og rapporterer hendingar, og at desse vert systematisk følgt opp. For å avdekka underliggende årsaker, blir dei alvorlegaste hendingane og ulukkene analysert, slik at me kan ta lærdom av dei.

Gjennom systematisk å vidareutvikla HMS-kultur og -system skal SKL både vera ein sikker arbeidsplass for egne tilsette og innleigd personale, og syta for at det er trygt å ferdist der me har aktivitet.







**Personskeadar interne  
- med sjukefråvære H1**

**Mål: 0**

- 2021
- Skade på fot grunna rask forflytting, frå vatn under høgtrykk
- 2020
- Klemskade fot ved stillasbygging.
  - Allergisk reaksjon, sprang i skogen, vrikka foten.
  - Ryggsmerter etter å ha arbeidd i tronge arbeidsforhold



**Personskeadar eksterne  
- med sjukefråvære H1**

**Mål: 0**

- 2021
- Skade på fot grunna rask forflytting, frå vatn under høgtrykk
- 2020
- Klemskade fot ved stillasbygging.
  - Allergisk reaksjon, sprang i skogen, vrikka foten.
  - Ryggsmerter etter å ha arbeidd i tronge arbeidsforhold



**Personskeadar interne  
- med og utan  
sjukefråvære H2**

**Mål: 0**

- 2021
- Skade på fot grunna rask forflytting, frå vatn under høgtrykk
- 2020
- Klemskade fot ved stillasbygging.
  - Allergisk reaksjon, sprang i skogen, vrikka foten.
  - Ryggsmerter etter å ha arbeidd i tronge arbeidsforhold




**Personskeadar eksterne  
- med og utan  
sjukefråvære H2**

**Mål: 0**

- 2022
- Klemskade
- 2021
- Fall frå arbeidsplattform
  - Rusk på auge
  - Klemskade
- 2020
- Klemt finger

**Sjukefråvære**



**Mål: < 3%**

- 2021
- Me nådde ikkje målsetnaden, grunna høgt langtidssjukefråvære.
  - Korttidsfråveret var 1,5%
- 2020
- Me nådde ikkje målsetnaden grunna høgt langtidssjukefråvære. Korttidsfråvære var 1,7 %

Me har analysert fråværet og kome fram til at det mest sannsynleg ikkje skuldast forhold i selskapet





## MÅL OG HANDLINGS- PLANAR FOR HMS

Me utarbeider SMARTE (spesifikke, målbare, attraktive, realistiske, tidfesta og evaluerbare) mål med tilhørende handlingsplanar som vert følgt opp kontinuerleg.

Sikkerheit:

vårt mål er null skadar og alvorlege hendingar, og me har mål om under tre prosent sjukefråvære.

Me definerer prioriterte tema og tilhørende handlingar for å sikra eit sterkare felles fokus på hovudutfordringane. Viktige fokuspunkt i HMS-arbeidet i 2022 var:

- Undervisa og etterleva lovar/forskrifter/instruksar/prosedyrar
- Gjennomføra grundig planlegging av arbeid
- Risikovurdering/Sikker jobb analyse
- Sikkerheit i prosjekt
- Ved planendingar gjennomgå plan for Sikkerheit Helse og Arbeidsmiljø/Helse Miljø og Sikkerheit, og gjera eventuelle endringar





## ARBEIDSMILJØ

Selskapet sitt mål er å vera ein attraktiv arbeidsplass. Me skal ha eit arbeidsmiljø basert på kunnskap, lojalitet, tillit, og ein bedriftskultur som tiltrekkjer seg og vidareutviklar kompetente, tilfredse og motiverte medarbeidarar. For å få innsikt i korleis tilsette oppfattar jobben og kulturen, kartlegg me organisatorisk og psykososialt arbeidsmiljø kvart andre år. Siste undersøking var i 2021. Resultata frå undersøkinga var gjennomgåande gode. For område med lågare score vert det utarbeidd avdelingsvise tiltaksplanar.

### Inkluderande arbeidsliv (IA)

SKL arbeider aktivt for eit Inkluderande Arbeidsliv. Dette inneber tiltak for å hindre sjukefråvære og leggje til rette for at tilsette kan koma raskt tilbake i arbeid der det føreligg fråvær.

### Samarbeid mellom leiinga og dei tilsette


Samarbeid mellom leiinga og dei tilsette sine organisasjonar fungerer godt og gir verdifulle bidrag til å utvikla selskapet på ein konstruktiv måte.

Eit ansvarleg arbeidsliv stoppar ikkje med SKL sine egne tilsette. Me er opptatt av å halda ein høg etisk standard i all forretningsdrift. Ved å visa respekt og ansvar, er målet å kontinuerleg byggja eit godt omdømme, både internt og i samfunnet elles. Eit godt omdømme er avgjerande for å få til godt samarbeid som i neste omgang bidrar til å skapa auka verdi i lokalsamfunna SKL opererer i.

### Kjønnsfordeling

Selskapet hadde 19 % kvinnelege medarbeidarar i 2022, dette er ei auke frå 16% i 2021 og 14 % i 2020. Arbeid med å oppnå ein jamnare fordeling av kvinner og menn vidareførast gjennom målretta rekruttering. Selskapet har ikkje deltidstilsette.

### Andel kvinnelege medarbeidarar





## LEVEREGLAR – ETISKE RETNINGSLINJER

Levereglane er med på å vegleia oss i arbeidet vårt med å sikra rein energi til alle, og det er vår grunnleggjande plikt å opptre på ein berekraftig, etisk og sosialt ansvarleg måte, som er i samsvar med gjeldande lovverk. Me har starta ein prosess med revisjon av retningslinjene våre slik at dei i sterkare grad reflekterer våre verdiar, i tråd med lovverket.

Openheitslova, som vart innført i juli 2022, skal sikra grunnleggjande rettar og prinsipp i arbeidslivet, som respekt for grunnleggjande menneskerettar, helse, miljø og sikkerheit på arbeidsplassen, og løn til å leva av. Våre levereglar gjeld for alle som jobbar for SKL.

For å leggja til rette for rapportering av bekymringsfulle hendingar har SKL ein eigen varslingskanal.





## TRYGGLEIK FOR OMGJEVNADANE

Våre aktivitetar skal i så liten grad som mogleg medføra auka risiko for skadar eller uhell for ålmenta. Det har ikkje vore skadar eller uhell på tredjeperson i 2022. Aktiv regulering av magasina bidrar til flaumdemping i alle regulerte vassdrag. Det har heller ikkje vore store flaumar i vassdraga våre.

Vassdraga me forvaltar vert brukt til friluftsliv, rekreasjon og sportsleg aktivitet, samstundes som dei òg er ein del av produksjonsanlegga våre. Vassdragsanlegg kan skapa farar som er annleis enn dei publikum normalt kjem ut for ved å ferdast i naturen. SKL har stor merksemd på sikringstiltak i og kring vassdragsanlegga. Det vert jamleg gjennomført analysar av ferdsel og bruksmønster ved vassdragsanlegga med tanke på tryggleiken for ålmenta. Dei mest vanlege sikringstiltaka er faste gjerde og rekkverk, bommar og lenser samt fare- og informasjonsskilt. I tillegg vert det annonsert i lokalavisene to gonger i året om at isen er



Dam Krokavatn

utrygg på regulerte vatn. Same informasjon vert òg lagt ut i våre eigne kanalar.

Me eig og driftar mange elektriske anlegg knytt til kraftverka. Også for desse anlegga er merking, inngjerding og andre sikringstiltak for ålmenta viktig.

SKL er byggherre og har stor aktivitet innan bygging av nye kraftverk samt ein del rehabilitering av gamle kraftverk og dammar. I alle prosjekt vert det gjort ein stor innsats

for å ivareta ålmenta sin tryggleik gjennom skilting og avsperringar. Ein har i tillegg rutinar som gjer at arbeidet vert halde innanfor godkjent arealbruksplan.

Det vert gjennomført risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS) for alle prosjekt, som også inkluderer risikovurdering for omgjevnadene.

NVE fører tilsyn innanfor dette området med dei som eig vassdragsanlegg.





## 7. VERDISKAPING – ØKONOMISK SAMFUNNSBIDRAG

Me skapar verdjar i lokalsamfunna me opererer i. Eigarar tar imot utbyte, tilsette tar imot løn, og kommunar og styresmaktar får inntekter, gjennom skattar og avgifter. Me nyttar lokale tenesteleverandørar der det er praktisk mogleg. Kort veg mellom leverandør og anlegg inneber sparing for miljø og lokal infrastruktur, samstundes som ein tryggjer lokale arbeidsplassar.

Selskapet driftar og opererer, byggjer ut og held vedlike eksisterande og nye anlegg. Dette skapar meirverdi gjennom kjøp av varer og tenester frå lokale leverandørar og samarbeidspartnarar. Slik bidrar me indirekte til lokal verdiskaping i kommunane der krafta vert produsert.





















## VERDIOVERFØRING TIL KOMMUNAR - SKATTAR OG AVGIFTER

Naturressursskatt, eigedomsskatt og konsesjonsavgift til vertskommunane frå SKL var i 2022 på om lag 84 millionar kroner.



	Kvinnherad	50 100 000
	Etne	12 000 000
	Eidfjord	9 500 00
	Suldal	4 560 000
	Bjørnafjorden	3 600 000
	Stord	726 000
	Ulvik	717 000
	Bykle	700 000
	Hjelmeland	660 000
	Ullensvang	448 000
	Sauda	417 000
	Tysvær	203 000
	Vindafjord	166 000
	Samnanger	158 000
	Andre	45 000
	<b>Sum</b>	<b>84 000 000</b>






## VERDIOVERFØRING TIL KOMMUNAR KONSESJONSKRAFT

Pålegga om konsesjonskraft til kommunane der kraftverka ligg har i 2022 gitt ei verdioverføring frå SKL til kommunane på 263 millionar kroner.

Verdioverføringa er målt mot spot-verdien.





## 7.2

## SKATTAR OG AVGIFTER TIL STATEN

Totalt bidrog me med om lag 919 millionar kroner i skattar og avgifter til staten i 2022. Grunnlaget for staten sine inntekter er selskapsskatt, grunnrenteskatt, konsesjonsavgift til stat og arbeidsgivaravgift.

Beløpet er faktisk utbetalte skattar i 2022. Auka skattar til staten som følgje av endring i skattlegginga av vasskraft, samt det høge prisnivået på straum i 2022, blir først synleg i skattane som vert utbetalt i 2023.

## 7.3

## UTBYTE TIL EIGARAR

Utbetalt utbytte i 2022 til eigarane var 722 millionar kroner. Eigarar: Haugaland Kraft AS, Eviny og Stord kommune.

## 7.4

## KOMPENSASJON OG VEDERLAG TIL PRIVATE

Utbygging av vasskraftverk og reguleringsanlegg utløyser ofte kompensasjon til private, fastsett i skjønn. For 2022 vart det frå SKL, med dotterselskap, gitt samla kompensasjon på om lag 1 million kroner.

Me utbetalte falleige til lokale grunneigarar og andre falleigarar på totalt 86 millionar kroner.






## INVESTERINGAR

Samla investeringar for konsernet SKL var i 2022 på 186,4 millionar kroner

Investeringane er fordelt på følgjande kommunar:

	Etne	126 800 000
	Ullensvang	19 400 000
	Kvinnherad	13 800 000
	Sauda	7 800 000
	Stord	6 900 000
	Suldal m.fleire	5 600 000
	Samnanger	4 300 000
	Eidfjord	1 700 000
	Bjørnafjorden	100 000
	<b>Sum</b>	<b>186 400 000</b>







Design: Zpirit - Foto: SKL

Foto: Side 1, 19, 20, 23, 24, 25, 26, 28, 29, 30, 37, 40: SKL // Side 3, 4, 5, 6: Peter Tubaas/Vestland media. // Side 12, 35: Økland foto. // Side 27, 39, 44: Magne Langåker // Side 32: Shutterstock // Side 41: IL TRIO